

Referat frå styremøte nr. 1-2023

Dato: 27. januar 2023

Tid: kl. 10.00-12.00

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund og Teams

Til stades frå styret:

Ved fysisk frammøte:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Digitalt via Teams:

Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune)

Varamedlem Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)

Forfall:

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 1/23: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Dagleg leiar orienterte om at Ålesund kommune har kalla inn til Teams-møte 1. februar 2023 om deling av kommunen og oppseiing av deltakarforholdet i Sunnmøre regionråd IKS. Vidare orienterte dagleg leiar om eit møte med m.a. kommunalsjef for helse og omsorg i Ålesund kommune. Sunnmøre regionråd vart der spurt om å vere med å arrangere ein konferanse for å informere innbyggjarane om pleie- og omsorgstenestene i kommunen. Styret drøfta dette vidare i sak 7/23.

Styreleiar tok opp at eit ekspertutval vurderer ein inntektsmodell for fylkeskommunen frå 2024 som vil kunne føre til ein reduksjon i drifta av hurtigbåtar og ferjer i fylket. Saka vart drøfta under sak 9/23 Eventuelt.

Sak 2/23: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 5-2022 (18.11.22)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet vart godkjend.

Sak 3/23: Revisjon av strategi for Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Jf. punkt 2.1 i strategien peika styret på at det er viktig at Sunnmøre regionråd har god kontakt med stortingspolitikarane frå Møre og Romsdal (Mørebenken). Administrasjonen fekk til oppgåve å hente inn informasjon om korleis andre regionråd samarbeider med stortingspolitikarar. Målet er å finne ein samarbeidsmodell med Mørebenken.

Sak 4/23: Møteplan 2023

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Administrasjonen hadde sendt ut innkalling til styremøter 27. januar, 24. mars, 12. mai, 8. september og 17. november. Pga. kommunevalet 11. september 2023 flytta styret møtet 8. september til 22. september.

Administrasjonen hadde vidare sendt innkalling inn til representantskapsmøte 16.-17. mars, 9. juni, 27. oktober og 1. desember. Styret foreslo her ingen endringar.

Sak 5/23: Rekneskap 2022

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar la fram førebels rekneskapstal for 2022. Rekneskapet viser eit overskot på ca. kr. 100.000,-. Endeleg rekneskapsrapport vert å kome tilbake til når den er klar.

Sak 6/23: Neste representantskapsmøte 16.-17. mars 2023

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Temaet for neste representantskapsmøte er næringsliv og samferdsel. Det vert lagt opp til bedriftsbesøk. Nasjonal transportplan (NTP) og inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar vert drøfta.

Statsforvaltaren og leiaren av samferdselsutvalet i fylket (fylkesvaraordføraren) deltek. Mørebekken på Stortinget vert invitert til møtet.

Møtet finn stad i Ulsteinvik.

Sak 7/23: Rullering av samarbeidsavtalen med Framtidslaben (United Future Lab Norway)

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd har samarbeidsavtale med Framtidslaben.

Administrasjonen har hatt samtalar om vidare samarbeid med Framtidslaben og The North West. Det er aktuelt å ha eit frukostseminar 27. april 2023 under The North West-konferansen.

Det kom forslag på styremøtet om at temaet for samarbeidet med Framtidslaben kan vere eldreomsorg. Dagleg leiar orienterte i sak 1/23 om at Sunnmøre regionråd er spurt om å vere med på å arrangere innbyggjarmøte med informasjon om kommunale pleie- og omsorgstenester. Det kan vere eit alternativ å arrangere møtet digitalt.

Styret konkluderte med at nestleiar i styret Eva Hove og styremedlem Monica Molvær vert med i ein programkomite saman med administrasjonen, Framtidslaben og The North West. Styreleiar vert orientert om arbeidet.

Sak 8/23: Orientering om Fontenehuset

Ved styreleiar for Fontenehuset i Ålesund Monica Molvær

Fontenehus er eit frivillig arbeidsfellesskap for mennesker som har eller hatt psykiske helseproblem. Medlemene og medarbeidarane løyser oppgåver for å drifte huset, eller deltek i arbeidslivet med huset sine samarbeidsbedrifter.

Styret innstilte på at det vert ei orientering om Fontenehus i eit representantskapsmøte.

Sak 9/23: Eventuelt

Styret beslutta å søkje samarbeid med dei andre regionråda i Møre og Romsdal om finansieringa av hurtigbåt og ferjetilbodet i fylket. Administrasjonen fekk til oppgåve å kontakte dei andre regionråda, samt kontakte leiaren av samferdselsutvalet i fylket for å få fram fakta. Det kan vere aktuelt å kome med ein uttale om saka.